Planomtale for Planid: 3819

Detaljregulering for Tuddal Alpin

Hjartdal kommune

Datert: 13.11.2024

Plan- og dokumentopplysningar

Kommune:	Hjartdal kommune
Plannavn:	Detaljregulering for Tuddal Alpin
PlanID:	3819
Formålet med planen:	Hensikten med planarbeidet er å legge til rette for utvikling med alpinanlegg, hotell, utleigehytte/leilegheiter og fritidsbusetnad med tilhøyrande infrastruktur.
Rapporttittel:	Planomtale
Utgåve/dato:	1. utgåve, 13.11.2024
Oppdragsgivar:	Tuddalalpin AS
Utearbeidet av:	Nina Nguyen
Sidemannskontroll:	Per Helge Ollestad

1 Samandrag

Formålet med planforslaget er å leggja til rette for utvikling av alpindestinasjon med tilhøyrande hytter/hotell/leilegheiter på område gnr./bnr. 94/10, 94/20 mfl. i Tuddal i Hjartdal kommune. Planområdet er for tida ubygd og består av skog og mark.

Arealoppgåve

- Totalareal og areal fordelt på dei ulike føremåla
- Utbyggingsareal (BRA) totalt og fordelt på føremål

Arealformål	Areal (daa)
§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg	
1110 - Boligbebyggelse	2,0
1120 - Fritidsbebyggelse (37)	227,1
1122 - Fritidsbebyggelse-konsentrert (24)	166,5
1170 - Fritids- og turistformål	6,9
1320 - Hotell/overnatting	12,8
1330 - Bevertning	9,3
1410 - Skianlegg (2)	539,9
1510 - Energianlegg	0,8
1610 - Lekeplass (2)	3,3
Sum areal denne kategori:	968,6
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
2011 - Kjøreveg (14)	63,4
2015 - Gang-/sykkelveg	0,6
2080 - Parkering (5)	20,7
2101 - Teknisk infrastruktur (4)	3,5
Sum areal denne kategori:	88,2
§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur	
3020 - Naturområde (19)	221,9
3031 - Turveg	0,1
Sum areal denne kategori:	221,9
§12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift	
5130 - Friluftsformål (3)	13,9
Sum areal denne kategori:	13,9

Totalt alle kategorier: 1292,7

Planforslaget består av følgande dokumenter:

Tabell 1: Plandokumenter

Nr.	Plandokumenter	Datert
01	Arealplankart	22.10.2024
02	Reguleringsføresegner	22.10.2024
03	Planomtale	22.10.2024
04	Illustrasjonsplan	
05	Snøskredvurdering	03.05.2023
06	Arkeologisk registrering	22.12.2023
07	Fagrapport naturmangfold	14.04.2023
08	Fjernverknad	15.10.2024
09	ROS-analyse	22.10.2024
10	VA-rammeplan	23.10.2024
11	Sol- og skyggediagram	
12	Oppstartsmøtereferat	29.06.2022
13	Varslingsannonse	12.10.2022
14	Merknader	
15	Varslingsliste	05.10.2022
16	Varslingsbrev	12.10.2022
17	Servitutter	
18	Myrnotat	

Innhaldsliste

Plan- og dokumentopplysningar 2
1 Samandrag 3
2 Bakgrunn 8
2.1 Hensikten med planen 8
2.2 Forslagsstillar, plankonsulent og eigeforhold 8
2.3 Tidligere vedtak som er av betydning for planarbeidet 8
2.4 Utbyggingsavtaler 8
2.5 Krav om konsekvensutredning 8
3 Planstatus og rammeføresegner 9
3.1 Overordna planar 9
3.2 Gjeldande reguleringsplan 10
3.3 Igangsette planarbeid i nærheitene av planområdet 11
3.4 Temaplanar eller andre planer som legger føringar for utforming, arealbruk 11
3.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar 11
3.6 Eigedomsforhold 11
4 Skildring av planområdet, eksisterande forhold 12
4.1 Plassering og avgrensing, størrelse på området 12
4.2 Historikk og tidlegare bruk av planområdet 14
4.3 Dagens arealbruk og tilgrensande arealbruk 14
4.4 Stadens karakter 14
4.5 Landskap og klima 15
4.6 Kulturminne og kulturmiljø 15
4.7 Naturverdiar 17
4.8 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområder 17
4.9 Trafikkforhold 19
4.10 Barns interesser 22
4.11 Sosial infrastruktur 22
4.12 Universell tilgjengelegheit 22
4.13 Teknisk infrastruktur 22
4.14 Grunnforhold 22
4.15 Støyforhold 25
4.16 Forureining 25
4.17 Elektromagnetisk stråling 27
4.18 Risiko og sårbarheit 27
4.19 Næring 27
4.20 Vurdering av servituttar/hefte på eigedomen 27
5 Planprosessen 28
5.1 Oppstartsmøte og eventuelle andre møter 28

5.2 Medverknadsprosess, varsel om oppstart, ev. planprogram 28
5.3 Samanstilling av innkomande merknader i varslingsperioden 29
5.4 Omsyn til innkomande merknader 29
6 Skildring av planforslaget 30
6.1 Planlagt arealbruk 30
6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål 31
6.3 Busetnadens plassering og utforming 31
6.4 Parkering 33
6.5 Tilknyting til infrastruktur 33
6.6 Trafikkløysing 33
6.7 Planlagde offentlege anlegg 34
6.8 Miljø og natur 35
6.9 Universell utforming 38
6.10 Uteopphaldsareal 38
6.11 Kulturminne 38
6.12 Plan for vann- og avløp samt tilknyting til offentleg nett 38
6.13 Plan for avfallshenting 38
6.14 Avbøtande tiltak/løysningar ROS 38
6.15 Rekkjefølgjeføresegner 40
7 Verknader av planforslaget 41
7.1 Overordna planer 41
7.2 Landskap 41
7.3 Stadets karakter 41
7.4 Estetikk og fjernverknad 42
7.5 Kulturminne og kulturmiljø 42
7.6 Forhaldet til naturmangfald 42
7.7 Rekreasjonsinteresser/Rekreasjonsbruk 43
7.8 Trafikkforhold 43
7.9 Barns interesser 43
7.10 Universell tilgjengelegheit 44
7.11 Teknisk infrastruktur 44
7.12 Økonomiske konsekvensar for kommunen 44
7.13 Konsekvensar for næringsinteresser 45
7.14 Interessemotsetningar 45
7.15 Avveging av verkingar 46
8 Konsekvensutgreiing 47
8.1 Innleiing 47
8.2 Naturmangfald 49
8.3 Landskap 58
8.4 Oppsummering 65

9 Vedlegg 66

2 Bakgrunn

2.1 Hensikten med planen

Føremålet med planen er å leggje til rette for bygging av ein alpindestinasjon med skianlegg og hytter/leilegheiter/hotell på område gbnr. 94/10, 94/20 m.fl. i Tuddal i Hjartdal kommune. Det skal leggast til rette for både sommar- og vinteraktivitetar i tilknyting til alpinbakken/hotellområdet. I dag består området av utmark med skog og myrområde. Det går enkelte vegar gjennom området, og det er nokre eksisterande hytter innanfor plangrensa.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent og eigeforhold

Forslagsstillar:	Tuddalalpin AS
Plankonsulent:	Prosjektil Sør AS, Rødmyrjordet 31, 3735 Skien
Eigeforhold:	Tuddalalpin AS

2.3 Tidligere vedtak som er av betydning for planarbeidet

Ingen relevante på tidlegare vedtak.

2.4 Utbyggingsavtaler

Ved varsel om planoppstart vart det samstundes varsla oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale for det aktuelle området i samsvar med PBL. §17. Avtalen gjeld mellom berørte partar – utbyggjarar/grunneigarar og kommunen, og regulerer forhold knytt til utbygging av området.

Planen skal opparbeide anlegg for vatn og avløp som Russmarken VA AS eller Hjartdal kommune skal overta etter ferdig utbygging.

2.5 Krav om konsekvensutredning


I følgje «forskrift om konsekvensutgreiingar §8» kan det vere behov for konsekvensutgreiing utan planprogram for følgjande tema:

- Hopparenaer, skianlegg og skiheisar, taubanar og tilknytt utbygging.
- Feriebyar, hotellkompleks utanfor bymessige område tilknytt utbygging.

Dette er nærare omtala i kapittel 8.

3 Planstatus og rammeføresegner


3.1 Overordna planar



Figur 1: Utsnitt fra gjeldende kommuneplan

3.1.1 Område for fritidsbusetnad (pbl § 11-7, NR. 1) – Arealdelen til kommuneplanen

Føresegner for fritidsbustader i kommuneplanen er omtala nedanfor.



I. **FRITIDSBUSTADER (pbl § 11-9 nr. 4 og nr. 5)**
Maksimal mønehøgder er 5,5 m målt frå overkant golv hovedetasje til overkant utvendig møne.

Ved ark/takopplett/oppstugu skal denne ikkje vere større enn 1/3 av hovudtak, maksimal mønehøgde er 6 meter målt frå overkant golv hovedetasje til overkant utvendig møne.


I ope/eksponert landskap er maks BYA for bygg på tomta 100 m2,. Maksimal mønehøgde skal er 5,0 m målt frå overkant golv hovedetasje til overkant utvendig møne.
Uthus/anneks er tillat innafor maksimalt BYA med maks mønehøgde på 3,7 m. Det må sikrast parkering for minst to bilar på eiga tomt. Hytter som ligg eksponert i landskapet skal vere bygd i naturmateriale, tre, stein, glas og torv, med mørke, avdempa naturfargar. Tak skal vere tekt med torv, takpapp eller tre.

Tilknyting til offentleg vass- og avlaupsleidning:
Krav til tilknyting til offentleg vass- og avlaupsleidning etter pbl § 27-1 andre til fjerde ledd og § 27-2 andre til fjerde ledd, gjeld òg for fritidsbusetnad, jf. pbl § 30-6,

Figur 2: Utsnitt frå kommuneplanens arealdel

3.1.2 Retningsliner for fritidsbustader

Retningslinjer for fritidsbustader frå kommuneplanen er omtale nedanfor.



RETNINGSLINER FOR FRITIDSBUSTADER

1. maks BYA for bygg på tomta 160 m2 m2, Uthus/anneks er tillat innafor maksimal BYA med maks mønehøgde på 4,5 m.
2. Maksimalt utbygd areal for nye fritidsbustader skal fastsettast etter ei vurdering av landskapstilpassing, lokal byggeskikk og omkringliggjande bygningsmiljø. Som hovudregel bør nye einskildtomter ikkje overstige 1.000 m2. Antal bueiningar skal fastsetjast i reguleringsplan
3. For fritidsbustader skal det nyttast materiale som er tilpassa omgjevnadane og stadeigne trekk i byggeskikken. Fritidsbustader skal vere i naturtilpassa fargar. Det er ikkje tillete med kvite kontrastar utanom sjølve ramma rundt glaset.
4. Fritidsbustader skal ha ei best mogleg plassering i terrenget. Møneretning skal følgje høgdekotane. Ein skal unngå plassering på høgdedrag. Terrenginngrep skal avgrensast til eit minimum. Fritidsbustader skal plasserast slik at mest mogleg av eksisterande vegetasjon kan bevarast.
5. Ved plassering av fritidsbustader skal det takast omsyn til tomta si utforming, ålmenta si rett til ferdsel i området og til sti- og løypenett.
6. Leike- og opphaldsplassar, også akebakkar og skiareal skal inngå i reguleringsplanar for fritidsbustader. Plasseringa skal vere skjerma og ha gode soltilhøve. Dei skal ikkje plasserast nær høgspentline eller anna kraftleidning.
7. Det er ikkje ønskjeleg med bom i område for fritidsbustader. Ei eventuell oppsetting av bom må gjerast i samråd med kommunen, slik at bomløysinga er handterleg for mellom anna utrykkingskøyretøy.
8. For å motvirke konfliktar mellom beiting og turisme, kan det i reguleringsplanane vurderast og fastsettast korleis det i samband med tunløysingar og andre utbyggingsløysingar, kan etablerast gjerder mot beiteområda utan at dette kjem i konflikt med fri ferdsel og estetiske omsyn. Bruk av gjerder vil krevje tilpassing i dei enkelte områda.

Figur 3: Utsnitt fra kommuneplanens arealdel

3.2 Gjeldande reguleringsplan

Det føreligger ingen gjeldande reguleringsplanar i planområdet.

3.3 Igangsette planarbeid i nærheitene av planområdet

Det er ingen pågåande planarbeid i nærheitene av planområdet.

3.4 Temaplanar eller andre planer som legger føringar for utforming, arealbruk

Desse kommunale temaplanane frå kommuneplanens arealdel vert teke omsyn til i forslag til plan:

- Samfunnsdelen av kommuneplanen 2017-2027
- Kommuneplanen sin handlingsdel
- Overordna ROS-analyse
- Plan for kommunal kriseleiing
- Folkehelsemelding 2012
- Skjøtselsplan for Bondal
- Plan for idrett og friluftsliv
- Trafikksikkerheitsplan

3.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Desse overordna føresetnadene skal takast omsyn til i forslag til plan:

- Plan og bygningslova
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, 20.6.2023
- Meld. St. 40 (2020-2021) Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmåla innan 2030
- Vegledar om planlegging av fritidsbusetnad (KDD), 2022

3.6 Eigedomsforhold

Planområdet er heimla på tre grunneigarar i dag.


1. Tuddalalpin AS Gnr. 94 Bnr. 10/20
2. Torunn Hovde Kaasa Gnr. 94 Bnr. 22, men Tuddalalpin AS har signert kjøpekontrakt på denne eigedomen, men ho blir ikkje heimla før etter ferdig regulert.
3. Nina Helene Rui Gnr. 94 Bnr. 4/5/11.
4. Det vil bli endringar i eigarforholdet når det gjeld Gnr. 94 Bnr. 4/5/11 på eit seinare tidspunkt. Det er einigheit/avtale om at reguleringsplanen kan leverast slik den er i dag.

4 Skildring av planområdet, eksisterande forhold

4.1 Plassering og avgrensing, størrelse på området

Planområdet ligger i Tuddal, i Hjartdal kommune og omfattar gnb/bnr. 94/10 og 94/20 m.fl.

Planområde er på ca. 1310 daa.



Figur 4: Områdets plassering

4.2 Historikk og tidlegare bruk av planområdet

Området er i dag ikkje utbygd – sett bort frå enkelte eksisterande fritidsbustader med store innbyrdes avstandar. Garden i nedste del av området har noko dyrka areal. Fritidsbustadene i området er oppført rundt 1980-talet. Vegnettet gjennom området er etablert over tid ettersom eksisterande hytteområde har blitt utvikla.


4.3 Dagens arealbruk og tilgrensande arealbruk

Området består av utmark og skog, og har ingen spesifikk arealbruk. Nedst i området ligg gardsbruket Dalen, med noko dyrka mark og beiteområde. Nordvest for området ligg Gaustatoppen, medan sørøst for det regulerte området ligg Flugonfjell Hyttegrend og Flugon Skisenter, med eit mindre alpinanlegg.

Tilgrensande område vert nytta til jordbruk, skogbruk og fritidsbustader. Området består av småkupert skrånande terreng i sørhalling ned mot Tuddalsvegen på Moen. Området ligg langs elva Hovdeåi, som dannar botnen av ein dal gjennom området. I øvre del av området er det ein del mindre myrområde, medan den nedre delen av området er brattare, og her er det ikkje særlege myrførekomstar. I tillegg går enkelte skiløyper gjennom øvre del av området i dag.

4.4 Stadens karakter

Området består av typisk norsk skoglandskap utan store arealinngrep. Store delar av området er hogd, men det finst mindre område med gamal skog. Det er enkelte eksisterande fritidsbustader innanfor planområdet. Områda rundt består av gardsbruk med beite og skogsområde.
Vest for det regulerte området ligg Tuddal sentrum, som er ei levande bygd med sine ca. 350 innbyggjarar. Bygda har òg ein liten innsjø, Bjårvatn, som er populær til fiske og isfiske, ein liten kilometer frå området som skal regulerast. Omtrent like langt nord som aust for området ligg høvesvis Rjukan og Notodden som næraste tettstader, høvesvis 2 og 3 mil. Sør for området går sjølve hovudfartsåra for biltrafikk mellom aust- og vestlandet, E134, med ein ÅDT på ca. 4000.



Figur 5: ÅDT for E134 Sauland, Statens Vegvesen - https://vegkart.atlas.vegvesen.no/#kartlag:geodata/@156677,6630247,10/hva:hva%5B0%5D%5BabsoluteIntervals%5D=false&hva%5B0%5D%5Bid%5D=540/valgt:1018801933:540

4.5 Landskap og klima

Planområdet ligg i eit dal område med gjennomsnittleg helling mot sør på 10 %. Det er gode solforhold i heile planområdet. Området ligg også godt skjerma for innsyn, både frå dalen nedanfor og frå eksisterande hytteområde i nærleiken. Landskapet består av store delar skrånande terreng bestående av uproduktiv skog og opne sletter på myr. Området er sørvest vendt med gode solforhold.
Klimaet er kjøleg og tørt innlandsklima, og området ligg på ein høgd på kring 450-900 m.o.h. Grafen nedanfor viser årlege nedbørsmengder. På hausten og vinteren vil nedbøren kome som snø. Dette stemmer godt med snødjupnegrafen, som viser at mengda snø i terrenget aukar i starten av desember. Data er for Tuddal sentrum, som ligg noko lågare, slik at snømengdene i planområdet vil vere større og komme noko tidlegare på sesongen.




Figur 6: Nedbør og snødybde for 2023-2024 - https://www.yr.no/nn/historikk/graf/5-31900/Noreg/Telemark/Hjartdal/Tuddal

4.6 Kulturminne og kulturmiljø

Vestfold og Telemark fylkeskommune har utført arkeologisk registrering i planområdet i perioden 04.10.23 til 31.10.23. Det er registrert totalt 8 automatisk freda kulturminne i form av kullgroper. Figur 8, nedanfor, viser plasseringa av desse lokasjonane i planområdet.

Det er opplyst at desse kan søkast frigitt.

For ytterlegare informasjon visast det til rapporten «07_3819_Fagrapport_arkeologisk_registering».



Figur 7: Utsnitt fra Rapport arkeologisk registering 2023


Basert på kartlegging av kulturminne, er det teikna inn omsynssoner for kulturmiljø i plankartet.

4.7 Naturverdiar

I artskartet på Artsdatabanken.no er det registrert ein art som er sterkt trua og 21 som er nær trua, samt ein som er sårbar.

I kartet finner man at enkelte av de registrerte artene ligg innanfor omsynssona for myr, som er et viktige økosystem å bevare.

Det vises til rapporten «07_3819_Fagrapport_naturmangfold_Tuddal» for meir informasjon om kvar kartlagt art og korleis det biologiske mangfeldet utspel seg i området.



Rødlistekategorier	Antall observasjoner	%
Sterkt truet (EN)	1	1,61
Sårbar (VU)	1	1,61
Nær truet (NT)	40	64,52
Livskraftig (LC)	20	32,26

Funntype	Antall observasjoner	%
Menneskelig observasjon	62	100,00

Aktivitet	Antall observasjoner	%
Næringssøkende	1	1,61

Annet	Antall observasjoner	%
Har bilde	2	3,23

Artsgrupper	Antall observasjoner	%
Fugler	3	4,84
Karplanter	8	12,90
Lav	45	72,58
Sopper	6	9,68


Figur 8: Artskart - Arter i området - https://artskart.artsdatabanken.no/

Basert på kartlegging av naturverdiar er det teikna omsynssoner for naturmiljø i plankartet.

4.8 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområder


Planområdet rører ikkje friluftsområdet eller turområde i nokon nemneverdig grad, då terrenget er nokså kupert og uframkomeleg. Også kart frå DNT vitnar om lite turaktivitet i det regulerte området, vest for Bjårvatn, som er

angitt i kartutsnittet nedanfor. Dei raude strekane indikerer turløyper i området.



Figur 9: Turmuligheter - https://ut.no/kart#12.63/59.75293/8.85696

Det er nokre oppkjøyrde skiløyper gjennom øvre del av området. Det er oppretta dialog med løypelaget for å tilpasse reguleringsplanen til desse løypene.



Figur 10 Kart fra skisporet.no med oppkjøyrde langrennsløyper

Utover desse løypene er det få etablerte stiar gjennom området. Det er likevel nokre hytte eigare og turgåarar som nyttar området til turar og opphald.

4.9 Trafikkforhold

4.9.1 Gang- og sykkelsamband

Tilgjengelegheita for fotgjengarar og syklistar i området er ikkje vesentleg, sidan det ikkje er ein stad ein vanlegvis ville gått eller sykla til frå lange avstandar. Dersom ein har eit tilhaldsstad i nærområdet, som for eksempel i Tuddal, vil det sjølvsagt vere mogleg å gå eller sykle dit. Men i dag finst det ingen gang- eller sykkelveg knytt til Flugonvegen, som er hovudvegen til reguleringsområdet. Det er likevel ikkje problematisk å gå eller sykle på vegen saman med annan trafikk. Vegen er for tida ein grusveg, som går heile vegen frå Tuddalsvegen (FV3430) opp til området.

Det er veglaget sitt ansvar å utbetre Flugonvegen der dette trengs, og delar av vegen er i dag oppgradert. Det ligg føre ein jordskiftedom frå 2011, Sak: 0820-2010-0025 Veg Rui, som ivareteke opprusting av Flugonvegen frå Tuddalsvegen. Det er avsett eit beløp til vegutbetring og vedlikehald for kvart sal av tomter, hytter eller leilegheiter/hotell i følgje jordskiftedommen.

4.9.2 Kollektivtrafikk

Det går rutebuss frå Sauland til Tuddal omtrent fem gonger dagleg. Frå Sauland er det gode bussforbindelsar både austover og vestover langs E134. Det finst ingen kollektivtilbod frå Tuddal inn i det regulerte området.

4.9.3 Biltrafikk og tilkomst

Køyretilkomsten til området er via eksisterande avkøyrsel frå Tuddalsvegen (FV3430 K S2D1 m7992) til Flugonvegen, som fører inn til planområdet. Vidare inn mot planområdet er Flugonvegen privat.
Det er etablert eit eige veglag for den private vegen inn i hytteområdet. Det finst ein gjeldande jordskiftedom som fastset ein sum per hyttetomt som skal betalast til veglaget for utbetringar av tilkomstvegen. Veglaget har ansvaret for å opparbeide tilkomstvegen etter gjeldande reguleringsplanar og standard. Dette gjeld også utbetringar av eksisterande kryss på Tuddalsvegen for å sikre fri sikt. Dette er arbeider som vart utført sommaren 2024.



Figur 11 Reguleringsplan for kryss med Tuddalsvegen og Flugonvegen

For den nedre delen av planområdet med skiheisen er det planlagt tilkomst via regulert kryss på Tuddalsvegen (FV3430 K S2D1 m8278) med Dalsvegen. Dalsvegen er ein privat veg som skal utbetrast i høve til gjeldande reguleringsplan i samband med utbygging av området.




Figur 12 Reguleringsplan for kryss med Tuddalsvegen og Dalsvegen

Med over 1800 hytter i Tuddal, mange som nyttar Tuddalsvegen til hytta på Gaustablikk, eller skal til/frå Gaustatoppen/Rjukan, er trafikken til tider høg. Gaustatoppen har omtrent 100 000 besøkande kvart år. Til trass for dette er det berre eit fåtal trafikkulykker knytt til fylkesvegen som går gjennom Tuddal (FV3430 K S2D1 m8988). Trafikkmengda gjennom Tuddal er på cirka ÅDT 650 i 2023.



Figur 13: Kartutsnitt av trafikkulykker langs FV3430, Statens Vegvesen - https://vegkart.atlas.vegvesen.no/#kartlag:geodata/@153101,6640072,12/hva:hva%5B0%5D%5BabsoluteIntervals%5D=false&hva%5B0%5D%5Bid%5D=570


Hjartdal
Gvammen
Nordbygda
Tuddal
Tuddalsdalen
Sauland
Skårset
Ormeskjer
Bismeli
Svartdalsheiane
Gaustatoppen
Gausdalen
Bondal
Reimstjørn
Viken
Kleivstul
Saube
Stuverud
Fisine
Tjønnegrend
Haugestul
Briskerol
Øvrestul
Lynnevik
Kolldalen
Bjørndalen
Lyngdal
Siljudalen
Oransherad
Havstein
Skårdal
Bekkhus
Kopparviken
Frolandgrenna
Åmot
Mæen
Grvelle
Åmnes
Matkleppe
Helleburol
Slåkdalen
Myregvary
Bredstul
Slåkja
Grunningsdalen
Natadal
Åse
Nuthelm
Brekka
Svartdal
Moland
Kvåle
Gullnes
Dyrland
Fossheim
Hovdejord
Håtvet
Opsal
Overbø
Hjartdå
Lonar
Åsi
Hjartdal
Gutehus
Platla
Platlal
Øyan
Rui
E134
Vråvatn
Godvikjåroi
Kleivstul
Ladyhaug
Damtli
Svelgen
Kovdalen
Mydalen
Hogstul
Øystul
Hundemyr
Vikedal
Drambekk
Skeie
Åmotsdal
Sletteva
Nomstetelg
Hjartdal
Ås
Fyrstul
Haukå
Tjønnegrend
Runes
Dalen
Rudsgrend
Sanden
Busnesgrenda
Untalsgrend
Mellom Tveito Hovin
Lynnevik
Venås
Setre
Li
To
Nisi
Tinno
Gaustablikk
Måna
Svadde
Langeronn
Selstali
Gaustatoppen turisthytte
Månellan
Bjørkan Hjellstue
Langeronn Hjellstue
Reisjå
Lil
Briskerol
Kråkenes
Slåstulen
Øvrestul
Sanden
Busnesgrenda
Untalsgrend
Mellom Tveito Hovin
Rudsgrenda
Dalen
Runes
Lynnevik
Venås
Kolldalen
Bjørndalen
Lyngdal
Siljudalen
Oransherad
Havstein
Setre
Li
To
Nisi
Tinno
Skårdal
Bekkhus
Kopparviken
Frolandgrenna
Åmot
Mæen
Grvelle
Åmnes
Matkleppe
Helleburol
Slåkdalen
Myregvary
Bredstul
Slåkja
Grunningsdalen
Natadal
Åse
Nuthelm
Brekka
Svartdal
Moland
Kvåle
Gullnes
Dyrland
Fossheim
Hovdejord
Håtvet
Opsal
Overbø
Hjartdå
Lonar
Åsi
Hjartdal
Gutehus
Platla
Platlal
Øyan
Rui
E134
Vråvatn
Godvikjåroi
Kleivstul
Ladyhaug
Damtli
Svelgen
Kovdalen
Mydalen
Hogstul
Øystul
Hundemyr
Vikedal
Drambekk
Skeie
Åmotsdal
Sletteva
Nomstetelg
Hjartdal
Ås
Fyrstul
Haukå
Tjønnegrend
Runes
Dalen
Rudsgrenda

4.10 Barns interesser

Nærområdet består, som tidlegare nemnt, av typisk norsk skoglandskap utan betydelege arealinngrep, bortsett frå Flugonfjell Hyttegrend, fleire andre hyttefelt og infrastruktur rundt Tuddal. Ein må til Tuddal sentrum for å finne skular og barnehage.

I Tuddal finst det offentleg barnehagetilbod frå 1 år. Tuddal Montessoriskule tilbyr grunnskule frå 1.-7. klasse og SFO i bygda. Barnehagen og skulen i Tuddal er samlokalisert. Leikeplass og idrettsplass med fotballbane, ballbinge og lysløype ligg like ved skulen.
Ungdomsskulen i Hjartdal kommune ligg i Sauland, 2 mil frå Tuddal sentrum.

4.11 Sosial infrastruktur

Det regulerte området påverkar ikkje omsyn knytt til skolekapasitet og barnehagedekning, då det ikkje direkte bidrar til varig befolkningsvekst i området. Området regulerast fyrst og fremst til fritidsbustader og alpinanlegg med tilhøyrande hotell og leilegheiter, for sporadisk opphald. Det kan likevel være behov for å vurdere skolekapasiteten og barnehagedekninga, dersom det regulerte området på sikt aukar den generelle busetnaden i Tuddal.
Utbygginga av alpindestinasjonen Tuddalalpin vil på sikt kunne føre til auke i busetnaden i kommunen, med sommar- og vinteraktivitetar, samt hotell.

4.12 Universell tilgjengelegheit

I den noverande situasjonen er planområdet eit nokså skrånande og kupert terreng, med til dels tette høgdekurver. Krava til tilgjenge følgjer teknisk forskrift. Hytter og leilegheiter er tilpassa terrenget og ligg i svakt skrånande område.


4.13 Teknisk infrastruktur

Det er selskapet Russmarken VA AS som er ansvarleg for utbygginga og drifta av vatn- og avløpsnettet i Hjartdal kommune. Tilkoplingsmoglegheiter for vatn og avløp i områda er ved ein pumpestasjon nord for planområdet. Her går det både vatn- og spillvassleidningar. For å kople seg på desse må kapasiteten til leidningsnettet aukast. Reinseanlegget har ikkje kapasitet til å reinse den auka mengda med spillvatn, og det er uvisst om vassbehandlingsanlegget har kapasitet til å forsyne alle bueiningane slik situasjonen er i dag. For meir informasjon rundt VA-løysingar, viser vi til vedlegg «10_3819_VA_Rammeplan».

4.14 Grunnforhold


NGUs lausmassekart indikerer at planområdet består av morenemateriale, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen, og samanhengande dekke, stadvis med stor mektigheit. Resten er bart fjell med skogbotn over fjellet. Heile området ligg over marin grense.
NGUs kvikkleirekart viser ingen indikasjon på kvikkleirefare.

NVEs aktsomheitskart for jord- og flaumskred viser derimot ein viss fare, der faregraden er angitt som potensielt jord-/flaumskredfare. Dette gjeld areal på vestsida av Hovdeåi i området planlagt til alpinbakke. Dei markerte områda er så bratte at det sannsynlegvis ikkje vil vere aktivitet der. Det må sikrast at det ikkje er aktivitet i eit eventuelt utløpsområde for skred.




Figur 16: Aktsomheitskart for jord- og flomskred. Tiltaksområdet er markert med raudt omriss. Kjelde: NVE.no – Henta frå vedlegg «05_3819_Tuddal_Alpin_Snøskredvurdering».

Dei tette høgdekurvene i området resulterer også i ein viss snøskredfare, som vist på kartutsnittet frå NVE si aktsomheitskart. Den vedlagde snøskredrapport «05_3819_Tuddal_Alpin_Snøskredvurdering» utarbeidd av Skrið Aktsomheit viser at det ikkje er fare for snøskred innanfor utbyggingsområdet, og at sikkerheit innanfor nominell sannsyn på 1/1000 er tilfredsstilt.




Figur 17: Aktsomhetskart for snøskred - https://temakart.nve.no/tema/snoskredaktsomhet



Figur 18: Lausmassekart. NGU - https://www.ngu.no/om-geologi/om-losmasser

4.15 Støyforhold

Det er ingen registrerte støykjelder i planområdet. Fylkesveg 3430, som er den einaste vegen som gir utslag i Statens vegvesen sitt støykart, indikerer støy på 55-65 dB langs vegbana. Dette gir ikkje utslag i utbyggingsområdet.



Figur 19: Trafikkstøy fra fylkesveier - Statens Vegvesen


4.16 Forureining

Luftforureining

Vegtrafikk og vedfyring er dei vanlegaste forureiningskjeldene til luft frå hytteområdet. Vegane i området har i dag generelt lite trafikk. Det er venta noko auke i takt med utbygginga av det regulerte området. Nyare vedomnar er reintbrennande og nyttar ved som er en fornybar ressurs. Fyring i vedomn reknast å væra CO2 nøytralt, då det brente treet avgjer like mykje CO2 som det ville ha gjort ved rotning i naturen.

Forureina grunn


Ifølgje grunnforureiningsdatabasen frå Miljødirektoratet, er det ikkje registrert forureina område på eigedommen.



Figur 20: Kart over forureina grunn, Miljødirektoratet - https://karteksport.miljodirektoratet.no

Radon

I den sørlege delen av området er det – ifølgje NGUs aktsemdskart for radon – høg aktsemdsgrad. Sjå vedlagt ROS-analyse for nærare utgreiing.



Figur 21: Kart over radonførekomstar, NGU - https://geo.ngu.no/kart/radon_mobil/

4.17 Elektromagnetisk stråling

Det er ingen registrerte høgspentkablar i nærleiken av utbyggingsområdet.

4.18 Risiko og sårbarheit

Det er utarbeidd ROS-analyse som del av planarbeidet. Analysen viser dei risikoane som er knytt til folkesetnadens liv og helse, samt materielle verdiar og stabilitet i det aktuelle området. Følgjande tema er gjort greie for:

Risikomatrise, alle relevante forhold skal vurderast.

- Rasfare (Snøskred)
- Flaumfare
- Radon
- Beredskap og ulykkesrisiko

4.19 Næring

Det er inga næringsverksemd i planområdet. Det er likevel eit hytteområde med tilhøyrande skianlegg, sørvest for området, som driv næringsverksemd (Flugon Fjellhytter AS og Flugon Skisenter AS), samt entreprenøren Hagen & Sønn AS heilt i sørenden av området.

4.20 Vurdering av servituttar/hefte på eigedomen

Det er i samband med planarbeidet utført ein gjennomgang av servituttar og hefte på eigedomen.

Dette gjeld i all hovudsak vegrettar, fiskerettar, festekontraktar, vatn og avløpsleidningar, vedrettar, og rett til parkering. Desse rettane er oppretthalde gjennom planarbeidet.

5 Planprosessen

5.1 Oppstartsmøte og eventuelle andre møter

Det blei gjennomført eit oppstartsmøte med Hjartdal kommune på kommunehuset i Sauland den 29.06.2022 med følgjande til stades:
Kjersti Gram Andersen, Marianne Sletta Rasmussen og Marte Darrud-Storøy frå Hjartdal kommune, administrasjonen.
Bengt Hallvard Odden, ordførar i Hjartdal kommune.
Per Helge Ollestad og Kjetil Arvesen Nesheim, frå plankonsulent Prosjektil Sør.
Fred Lyngmyr, representerer Tuddal alpin.
Kjell Høiseth, med på prosjektet.
Oppstartsmøtereferatet vert lagt ved som vedlegg «13_3819_Oppstartsmøtereferat».

5.2 Medverknadsprosess, varsel om oppstart, ev. planprogram

Oppstart av planarbeid vart varsla i Telen og TA. Det har blitt sendt brev til offentlege høyringsinstansar, naboar og andre berørte med frist for utsegner 18.11.2022. Varslingsannonsar er vedlagde som «14_3819_Varslingsannonse, datert 14.10.2022».



Nå settes det i gang privat planarbeid for reguleringsplan for Tuddal alpin (planID 381920220003)

Med hjemmel i plan og bygningslovens §12-8 varsles det at Prosjektil Sør AS på vegne av Tuddalalpin AS starter opp arbeidene med detaljregulering for Tuddal alpin i Hjartdal kommune. Det varsles samtidig oppstart av forhandlinger om utbyggingsavtale, i samsvar med PBL § 17. Planen har fått plan-ID 381920220003.

Hensikt med planen er å legge til rette for bygging av alpindestinasjon med skianlegg og hytter/leiligheter/hotell på område, gbnr. 94/10, 94/20 m.fl. i Tuddal i Hjartdal kommune. Det skal legges til rette for både sommer- og vinteraktiviteter i tilknytning til alpinbakken / hotellområdet. I dag består området av utmark med skog og myrområder. Det går enkelte veier gjennom området og det er noen få eksisterende hytter innenfor plangrensen.

Planområdet er vist på kartutsnittet.
Eiendommene innenfor planområdet er gbnr 94/5, 94/10, 94/11, 90/8, 94/20, 94/4, 94/16, 94/38, 94/42, 94/22, 94/19, 94/93, 94/92, 95/2, 95/5.

I kommuneplanens arealdel er planområdet avsatt til Fritidsbebyggelse og Fritids- og turistformål, det siste er delt opp i henholdsvis aktivitetsanlegg, skiheis/skitrekk og hotell/motell/utleige.

Ifølge «Forskrift om konsekvensutredninger §8», kan det være behov for konsekvensutredning uten planprogram for følgende tema fra Vedlegg II:

- Anlegg for produksjon av vannkraft
- Hoppbakker, skianlegg og skiheiser, taubaner og tilknyttet utbygging.
- Feriebyer, hotellkomplekser utenfor bymessige områder og tilknyttet utbygging

Oppstartsmøte med kommunen ble avholdt 29.06.2022.
Merknader til planarbeidet sendes til Prosjektil Sør AS, Trommedalsvegen 241 3735 Skien.
per.helge.ollestad@prosjektil.no

Kopi til uttalelse kan sendes til Hjartdal kommune, Virksomhet plan-og jordbruk, Saulandsvegen 414, 3692 Sauland.
postmottak@hjartdal.kommune.no

Frist for uttalelser er 18.11.22

prosjektil sør

Figur 22: Varslingsannonse – Telen og TA

5.3 Samanstilling av innkomande merknader i varslingsperioden

Innkomne merknader er summert i eige vedlegg «15_3819_Mottatte merknader, datert 22.05.2024».

5.4 Omsyn til innkomande merknader

Det kom inn totalt 7 merknader. Alle merknadene er i si heilskap lagt ved planen, «15_3819_Mottatte merknader, datert 22.05.2024».

6 Skildring av planforslaget

6.1 Planlagt arealbruk

Planlagt arealbruk innanfor planområdet er bustadbusetnad, fritidsbusetnad, fritid og turistformål, hotell/overnatting, bevertning, skianlegg, energianlegg, skianlegg, leikeplass, køyrevegar, parkering, teknisk infrastruktur, naturområde og turveg.

Det er lagt stor vekt på å bevare viktige naturområde, samtidig som det er planlagt med ei tett utbygging i dei områda som regulerast til hyttebygging. Det er vurdert at det er betre å utnytte dei areala som er avsett til fritidsbustader, for å kunne spare tilgrensande område frå utbygging. Eksisterande myrområde er kartlagde og planlagde til framtidige naturområde innanfor planområdet for å unngå å øydelegge desse.

6.1.1 Reguleringsformål

AREALOVERSIKT - FORMÅL			
BUSETNAD OG ANLEGG	Boligbusetnad	2,0	daa
	Fritidsbusetnad	227,1	daa
	Fritidsbusetnad-konsentrert	166,5	daa
	Fritid og turistformål	6,9	daa
	Hotell/overnatting	12,8	daa
	Bevertning	9,3	daa
	Skianlegg	539,9	daa
	Energianlegg	0,8	daa
	Leikeplass	3,3	daa
SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	Køyreveg	63,4	daa
	Gang/sykkelveg	0,6	daa
	Teknisk infrastruktur	3,5	daa
	Parkering	20,7	daa
LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDER	Naturområde	221,9	daa
	Turveg	0,1	daa
	Friluftsformål	13,9	daa
TOTALT PLANOMRÅDE		**1292,7**	**daa**

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Under følgjer ei oversikt over formåla som er nytta i planen og funksjonane knytt til formåla:

- **Bustadbusetnad** – Hensikten med formålet er å regulere eksisterande bustadbusetnad innanfor planens avgrensing.
- **Fritidsbusetnad** – Hensikten med formålet er å legge til rette for utbygging av fritidsbusetnad i variert form og storleik.
- **Fritidsbusetnad** - konsentrert – Hensikten med formålet er å legge til rette for utbygging av fritidsbusetnad i konsentrert form, som til dømes leilegheitsbygg.
- **Fritid og turistformål** – Hensikten med formålet er å legge til rette for heisbygg til tilhøyrande funksjonar, som til dømes skiutleige, varmestove, o.l.
- **Hotell/overnatting** – Hensikten med formålet er å legge til rette for hotell og tilhøyrande funksjonar som til dømes restaurant, spa, o.l.
- **Bevertning** – Hensikten med formålet er å legge til rette for bevertning til hytter, dei som brukar skibakken, bebuarar og alle som skulle vere i nærleiken i form av til dømes restaurant.
- **Skianlegg** – Hensikten med formålet er å legge til rette for skianlegg.
- **Energianlegg** – Hensikten med formålet er å legge til rette for areal til energistasjon som trafo o.l.
- **Leikeplass** – Hensikten med formålet er å legge til rette for opparbeiding av leikeplass.
- **Køyrevegar** – Hensikten med formålet er å legge til rette for opparbeiding av køyrevegar innanfor heile området, for å gjere det tilgjengeleg.
- **Gang/sykkelvegar** – Hensikten med formålet er å legge til rette for opparbeiding av gang/sykkelvegar for å sikre god sikkerheit for myke trafikantar mellom den store fellesparkeringa og bevertninga.
- **Teknisk infrastruktur** – Hensikten med formålet er å legge til rette for opparbeiding av areal til teknisk infrastruktur som pumpestasjon, renovasjon o.l.
- **Parkering** – Hensikten med formålet er å legge til rette for opparbeiding av parkeringsplass for besøkande, arbeidstakarar eller hytteeigarar i området.
- **Naturområde** – Hensikten med formålet er bevaring av eksisterande natur og myrar.
- **Turveg** – Hensikten med formålet er å legge til rette for opparbeiding av turveg mellom hotell og hytteområdet.
- **Friluftsformål** – Hensikten med formålet er å legge til rette for eit friareal med mogleg naturleik, skiløyper o.l.

6.3 Busetnadens plassering og utforming

Ved utforming av busetnad i eit naturområde er det viktig å ta omsyn til omgivnadene og landskapet rundt byggeområda. Det er difor utført grundige synfaringar i området for å sikre at vegar, hytter og andre byggeområde plasserast slik at dei kan utførast med minimale terrenginngrep. I tillegg er myrområde synfare og registrerte for å kunne bevare desse. Der det er eksisterande snaufjell, vil dette bli søkt bevart i størst mogleg grad.

Utbyggingsområdet ligg i ei sørvendt dal og er lite synleg frå omgivnadene. Hytteområda er plasserte slik at dei har utsyn over dalen og mot Gaustatoppen, samtidig som dei er godt tilpassa terrenget. Dei fleste eksisterande hyttene rundt planområdet ligg høgare i terrenget, og vil ikkje få utsikta si påverka av den nye planen.

For å sikre tilstrekkelege fallforhold i skitraseen, vil det bli nødvendig med enkelte terrenginngrep i dette området. Dette er i det området det tidlegare er brukt hogstmaskiner og der det allereie er sår i landskapet. Vegar vil bli tilpassa terrenget i størst mogleg grad. Der det blir behov for fjellskjeringar, skal desse byggjast så slake at dei kan kledast med stadeigen jord for å gøyma desse skjeringane og naturleg bli ein del av skitraséen.

Utforming av busetnad vert planlagd for å kunne gi gode solforhold for solfangarar, samtidig som busetnadane skal tilpassast terrenget i størst mogleg grad.

Det skal føreligge ein målsett situasjonsplan som viser både busetnad og korleis den ubygde delen av tomtene skal planleggjast og utnyttast. Det er viktig å vise kotehøgd på ferdig planert terreng i både situasjonskart og profilsnitt, der eksisterande og nytt terreng er teikna inn. Profilsnittet skal vise terrenglinjer heilt til tomtegrensa for å sikre ei heilskapleg planlegging av tomta. Situasjonskartet skal også angi andre viktige element som tomtegrenser, VA-leidningar, tilkomst, parkeringsareal og terrengbehandling, og spesielt angi den delen av tomta som ikkje skal opparbeidast.



Figur 23 Illustrasjon av skianlegget

6.3.1 Busetnadens høgder og takform

Busetnadens høgder og takform er tilpassa føresegnene i kommuneplanen. Det er i tillegg ønskjeleg med nokre presiseringar for å tilpasse seg moderne byggeskikk samt ønskje om å utnytte solenergi på ein effektiv måte. Ønske om solpanelar og solfangarar medfører behov for ein brattare takvinkel og ein større mønehøgd enn kommuneplanen tillèt. I tillegg vil bygningar med pulttak gi gode forhold for vertikale solfangarar. Det tilrådast ein takvinkel på minimum 10–15 grader ved bruk av pulttak. Ved bruk av saltak tilrådast det å bruke ein takvinkel mellom 18 og 35 grader. Dette bidrar til ei god utforming av busetnad, samt vil det sikre ei estetisk

tilpassing til omgivnadene. Det er også viktig å merke seg at takvinkelen kan påverke både utforminga av taket og bruken av loftet. Ein takvinkel på 35 grader kan for eksempel gi større loftsplass og betre moglegheiter for å bygge inn ein hems.

6.3.2 Grad av utnytting (rettleiar) Forskrift

Utnyttingsgraden for dei forskjellige tomtene varierer. Dette er vist i plankartet. Hensikten med variasjonen er å legge opp til forskjellig type busetnad på dei ulike areala. Store delar av området er tiltenkt frittliggjande fritidsbustader på tomter mellom 500 og 1000 m². Andre delar er tiltenkt mindre hytter og leilegheitsbygg med høgare grad av utnytting. Hotellområdet og område for servicebygg tilknytt skianlegget er også gitt ein høgare grad av utnytting.

6.3.3 Tal på arbeidsplassar og tal på m^2 næringsareal

Arbeidsplassar knytt til planen er hovudsakleg knytt til drift av hotell og skianlegg. Det blir anslått at dette kan gi opp til 200 arbeidsplassar i høgsesong, med noko lågare bemanning resten av året. I tillegg vil utbygging av området kunne sysselsetje lokale entreprenørar og byggefirma i fleire år.

6.4 Parkering

Parkering skjer på eigen tomt for frittliggjande hytter. Talet på parkeringsplassar er angitt i føresegnene, med minimum 2 parkeringsplassar per hytte over 75 m². Leilegheiter får fellesparkeringar med 1-2 parkeringsplassar per hytte. For hyttetun med små hytter, vil det bli etablert felles parkering med 1,5 parkeringsplass per hytte. I tillegg blir det etablert felles parkeringsplassar for hytter og i tilknyting til skisenteret. Felles parkeringsplassar er vist i plankartet.

6.5 Tilknyting til infrastruktur

Nærmaste nettstasjon ligg noko lengre ned i utbygd område. Ny trafo plasserast i botn ved garden, samt nedgrave høgspent som kryssar eksisterande veg nord for hotelltomta. Tilførsel av straum til det nye området avtales med Lede. Internt i feltet leggast kabelgrøft i vegareal. Det er lagt til rette areal for nettstasjonar innanfor planområdet.

6.6 Trafikkløysing

6.6.1 Køyretilkomst

Reguleringsplanen knyt vegnettet opp mot eksisterande private vegar inn til området, primært Flugonvegen. Deler av Flugonvegen er regulert i 6, 7 eller 9 meters breidde. Deler av vegen er ikkje regulert. Det er gjort avtale med veglaget om økonomisk bidrag for å få tilgang til å bruke desse vegane i samband med ein tidlegare jordskiftedom. Ansvar for å oppretthalde tilstrekkeleg standard på desse vegane ligg då utanfor denne planen. Private vegar er knytt til offentleg veinett i Tuddalsvegen. Eksisterande kryss Tuddalsvegen x Flugonvegen er utbetra i høve til gjeldande reguleringsplan sommaren 2024. Dette krysset blir hovudadkomst til planområdet.



Figur 24 Utbetring av kryss ved Tuddalsvegen utført sommaren 2024

6.6.2 Utforming av veger

Val av vegtrase har vore viktig både med tanke på at den skal følgje terrenget, men også at lokaliseringa skal bidra til å redusere behovet for lengre stikkvegar fram til kvar hytte. Det er i tillegg søkt løysingar der det byggast minst mogleg vegar i området. Hyttetomtene grensar til dei planlagde vegane i feltet. Regulert vegbreidde er sett til 10 m på «hovudårer» og 8 m på sidevegar inkl. veggrøft. Mindre tilkøyringsvegar er regulert til 5 meters breidde. Vegane vil bli opparbeidd med grusdekke, med moglegheit for asfalt.

6.6.3 Tilgjengelegheit for gåande og syklande

Det er lagt opp til gangveg mellom regulert parkeringsplass og varmestove som utgangspunkt for alpinbakken. Utover dette er det planlagt at gåande og syklande skal bruke regulerte vegar i området. Det vil i tillegg bli etablert enkle stiar gjennom området regulert til friluftsformål, i tillegg til eksisterande stiar.

På vinterstid vil det bli etablert skiløyper gjennom området for å knyte heile området saman med eksisterande løypenett. Skiløypene vil bli lagt i område regulert til friluftsformål og naturområde. Det er lagt opp til kryssing av planlagde vegar med skibruer eller tunellar for bilar for å sikre framkomme på ski.

6.7 Planlagde offentlege anlegg

Det er ikkje planlagt offentlege anlegg innanfor planområdet.

6.8 Miljø og natur


Planen tar høgde for dei forventande klimaendringane. For overvassberekning er det lagt inn eit klimapåslag på 40 % for ekstremnedbør. Alt overvann planleggast handtert lokalt på den enkelte eigedom. Dette er også viktig for å sikre den naturlege vasstilførselen til eksisterande myrområde, i tillegg til å sikra sjølve myrene.

Oppvarming av hyttene vil i hovudsak følgje krava i teknisk forskrift. Takvinkel og takform er tilpassa løysingar med solcellepanel og solfangarar montert på tak og vegg.

Grunneigar har fallrettar i vassdraget. I samband med etablering av skianlegg med skiheis kan det vere aktuelt å leggje til rette for straumproduksjon i eit eige minikraftverk. Dette er ikkje medtatt i denne reguleringsplanen, men kan verta aktuelt på eit seinare tidspunkt.

Ut over anleggsperioden vil klimautslepp frå området vere avgrensa til biltrafikk.

Myrområde er regulert til naturområde. Der myrområde hamnar innan anna formål, er desse regulert med omsynssone for bevaring av naturmiljø med eigne føresegner. Desse vil derfor ikkje bli bygd igjen og punktert. Sjå eksempel i figur 26.



Figur 25 Omsynssone bevaring naturmiljø for myrområde H560

Kor det er nødvendig å krysse myrområde med veg, vil denne bli bygd som bru eller som flåte av tømmer, med fiberduk og vegoppbygging. Den vil bli bygd utan grøfter for å hindre drenering av myrene.

I område FBK20 er det planlagt løysing med hytter på pælar da det gir et pent estetisk preg, men også for å bevare det eksisterande myrdraget og naturen rundt. Hytter og gangveier vil då bli bygde på desse pælane. Isolerte VA-leidningar hengast i gangveiene. Det blir etablert felles parkeringsplass ved inngangen til området for å redusere inngripen i naturen. Det presiserast at hyttene ikkje byggas på myr, men nær desse.



Figur 26 Hytter på pælar bygget i tilknyting til myrområde



Figur 27: Illustrasjon av hytter på pæler

Hovdeåi går gjennom planområdet. Denne vil bli kryssa med nye vegar og skibakke. Det er ikkje registrert fisk i bekken. Det vil likevel bli bygd løysningar som sikrar den naturlege elvebotnen. Løysing for skibru er vist i figuren nedanfor.



Figur 28 Kryssing av Hovdeåi med skibru (nedre kryssing)

6.9 Universell utforming

Det er ikkje stilt krav om universell utforming som sikrar tilgjengelegheit for bevegelseshemma til hyttene, vegane og fellesområda. Det kan likevel være hensiktsmessig å vurdere tiltak som ramper eller andre hjelpemiddel for å sikre fri bevegelse for personar med nedsett funksjonsevne i enkelte område eller på enkelte hytter. TEK17 vil vere gjeldande for bygg som er opne for offentlegheita.

6.10 Uteopphaldsareal

Frittståande hytter vil få eiget privat uteopphaldsareal, medan leilegheiter/fleirmannshytte vil få felles uteareal. Det vil i tillegg bli laga fleire uteareal som er felles for området.

6.11 Kulturminne

Det er registrert kullgroper i planområdet. Desse er regulert med eigen omsynsssone. Alle desse unntatt éin, vil bli søkt frigitt.

6.12 Plan for vann- og avløp samt tilknyting til offentleg nett

Alle nybygg som treng vatn og avløp, skal koplast til offentleg nett. Det vises til vedlagte VA-rammeplan.

6.13 Plan for avfallshenting

Avfall for hytter vil bli løyst ved felles søppelstasjonar i planområdet, som hyttebebuarar må frakte søppelet til for søppelhenting. For restaurantar og bevertning vil det bli etablert ei eiga avfallsløysing med privat aktør for oppsamling av avfall. Det er regulert eigne stader for oppsamling av avfall.

6.14 Avbøtande tiltak/løysningar ROS

FORSLAG TIL TILTAK OG MULIG OPPFØLGING I PLANLEGGINGEN OG ANNET		
Uønska hending	**Tiltak**	**Oppfølging gjennom planverktøy og anna**
Skred/ras/ustabil grunn	Sikre generell beredskap i samråd med kommunen, brannvesenet og andre relevante instansar. «Rapport: 3819-94-5-2023-1» oppfordrar ikkje til å iverksette nokon spesielle tiltak..	«Rapport: 3819-94-5-2023-1» oppfordrar ikkje til å iverksette nokon spesielle tiltak.
Flaum/stormflo	Beskyttande grov og tett vegetasjon fungerer som ei risikoreduserande barriere mot sørpeskred, som elles kunne ha ført til auka vassføring.	Regulere at beskyttande grov og tett vegetasjon skal bevarast for å fungere som ei risikoreduserande barriere mot sørpeskred, som elles kunne ha ført til auka vassføring.

Radon	Gjere målingar av radon i området og sikre bygningane mot radoninntrenging på vanleg måte etter krava omtalt i TEK17 §13-5.	Krav for utføring er gitt i TEK17 og i Statens strålevern sine handbøker. Radonsikring er ivareteken i gjeldande forskrifter, og det er derfor ikkje behov for spesielle tiltak i planen.
Lyng/skogbrann	Oppretthalde førebyggjande tiltak som bålforbod og forbod mot bruk av open eld om sommaren. Beredskaps- og evakueringsplanar.	
Brann og redning	Sikre betre innsatstid, eventuelt tilrettelegging med kompenserande tiltak i samarbeid med kommunen. Tilrettelagt hjelp frå naudetatar. Tilstrekkelege tryggingstiltak. Korrekt tilrettelegging for rednings- og sløkkjemannskap i samsvar med TEK17 § 11-17. For eventuelle ulykker i alpinbakken må det til ei kvar tid vere helsepersonell tilknytt anlegget i området.	
Trafikktryggleik	Redusere noverande fartsgrense på Hovdevegen forbi dei mest kritiske delane av vegen, som til dømes avkøyrsla til hytteområdet. Etablere fartsdumpar i dei same områda som nemnt ovanfor, der det er hensiktsmessig. Vurdere om det er behov for utbetringar på eksisterande vegar, som Hovdevegen. Inne på sjølve området som blir regulert, vil trafikk/åtkomst til hytter og hotell bli regulert og ivareteke i samsvar med kommunen, kommunen sin trafikktryggleiksplan og retningslinjer frå Statens vegvesen.	Dialog med kommunen, kommunen sin trafikktryggleiksplan og Statens vegvesen.

6.15 Rekkjefølgjeføresegner

Før frådeling av tomter

- Så fort planen er godkjend, kan tomter frådelast i samsvar til reguleringsplanen, sjølv om veger ikkje er ferdig bygd.

Før rammeløyve/igangsetjingsløyve for nye einingar innanfor planområdet:

- Før rammeløyve/igangsetjingsløyve kan givast for nye einingar, skal det sikrast at tilstrekkeleg vassforsyning er bygd innan einingane kan takast i bruk.
- Før rammeløyve/igangsetjingsløyve kan givast for nye einingar, skal det sikrast at løysning for avløpsvatn frå planområdet er bygd og sett i drift innan einingane kan takast i bruk.

Før busetnad blir teke i bruk

- Før alle nye tiltak for busetnad blir tekne i bruk skal nødvendig veg med tilhøyrande kablar, vatn og avløpsleidningar vera opparbeidd fram til den enkelte eigedom.
- Før nye tiltak for busetnad blir tekne i bruk skal felles renovasjonsløysing dimensjonert for det behovet som utbygginga utløyser vera ferdig opparbeidd.

7 Verknader av planforslaget

7.1 Overordna planer

Planen stemmer i all hovudsak overeins med kommuneplanen, og vil ikkje påverke andre aktive reguleringsplanar.

Følgjande avvik frå kommuneplanen er tatt inn i reguleringsplanen:

- Største mønehøgde er justert til 7,5 meter for å gje moglegheit for solfangare. Dette er same mønehøgde som er tillate i deler av planen for Flugonfjell.
-

7.2 Landskap

Planforslaget vil føre til endringar i det naturlege landskapet i området. Dette vil skje på grunn av fortetting av området med fleire hytter og infrastruktur som vil påverke og redusere den opphavlege naturlege karakteren av området.

Samtidig vil planforslaget inkludere tiltak som vil avgrense visuelle verknader på landskapet, til dømes krav til tilpassing av busetnad til terrenget og avgrensing av maksimal byggehøgde. Det er også moglegheiter for å inkludere vegetasjon og grøntområde i utforminga av hytteområdet, noko som vil bidra til å bevare og styrke den opphavlege karakteren av området.

Alle eksisterande myrområde skal bevarast, og kor ein ikkje bygger ut området, skal eksisterande skog bevarast, men fjerning av trær for solfangar/solpanel kan tillatast.

Ein er samstundes opptatt av å nytta areala regulert til utbygging så mykje som mogleg, slik at dette området kan sikra tilstrekkeleg med hyttetomter i området. Ein kan på denne måten avgrensa nedbygging av natur på andre stadar så mykje som mogleg.

7.3 Stadets karakter

Planforslaget vil påverke stadens karakter innanfor planområdet ved at det blir bygd ut til fordel for skogsområde. Ein ønskjer ein moderne byggeskikk som gjer rom for bruk av solfangare og solpaneler for å minimere energiforbruket.

